



Skrivar Kristian Olav Bringedal og andre, som i det siste har engasjert seg sterkt for å gje Stemneplassen eit forlenga liv, var fornøgd i kveld.

Det møtte fram 7 på den annonserte dugnaden og det vart gjort ein god jobb med å gjera plassen mest mogeleg presentabel foran den store dagen. Riktignok har den ikkje lenger ein såsentral plass som før i opplegget, men den har i alle fall ei rolle å spela som stoppestad for kransenedleggjing.

Ikkje berre vart daugras og lauv fjerna effektivt,ei diger osp som hadde sett sine beste dagar vart også rydda bort.



Her er 3 bilete av dugnadsgjengen i aksjon.
Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

